

MELAND KOMMUNE
Postboks 79

5906 FREKHAUG
Norge

MELAND KOMMUNE	
- 1 APR 2019	
Jnr.
Ark.	Saksh.
Saksid.	Kass.



Dykkar ref.:

Vår ref. 14291409

Dato:

Sak/dok.: 17/51282-2

26.03.2019

Ark.: 346

Dokumentet har manglar og kan ikkje tinglysast

Saka gjeld gnr. 22 bnr. 259 i knr. 1259 Meland kommune

Vi har vurdert seksjoneringa de har sendt inn for tinglysing. Dokumentet har manglar som gjer at vi ikkje kan tinglyse det.

Kva må til for at dokumentet kan tinglysast?

1. Vi synar til fullmakta. Me kan ikkje så at Thomas André Kvalheim har myndighet aleine til å signere på vegne av Bygghuset Mjåtveit 2 AS. Vi ber om at de som er registrert med signatur i foretaksregisteret signerer på fullmakta for Bygghuset Mjåtveit 2 AS. Vi synar til tinglysingslova § 13.

2. Vi kan ikkje sjå på kva slags måte seksjonsnr. 1 har tilgang til messanin/lager i 2 etasje. Dette blir uklart jf. tinglysingsloven § 8 og eigarseksjonslova § 7 c.

3. Det er uklart når de skriver med pil til planteikninga av trappeoppgangen (med heis og toalettet) til andre etasje er felles areal til snr. 2, 3 og 4, mens det på sjølve teikninga er oppgitt som t 2-4. Det er forskjell på eit felles tilleggsareal til snr. 2, 3 og 4 og fellesareal. Vi ber om at det er samsvar mellom nemningane på seksjoneringa.

I tillegg må dykk ta stilling til om kven seksjonane i 1 og 2 etasje skal være registrert som tilleggseigedom eller hovuddel. Hovudregelen for brukseininga sin hovuddel er ein klart avgrensa og samanhengande del av ein bygning og har eigen inngang, jf. eigarseksjonslova § 7 c. At hovuddelen må være samanhengande, hindrar seksjoneringar kor seksjonseigaren må passere fellesareal for å kome frå ein del av hovuddelen til ein anna. I eit slikt tilfelle må den eine delen eventuelt være ein tilleggsdel til den andre (hovud)delen.

Det skal være samsvar mellom melding til tinglysning, søknad om seksjonering og planteikninga. Hugs dersom de gjør endringar på planteikningane, må dette kome fram på søknad om seksjonering og melding til tinglysning.

De kan fasthalde kravet om tinglysing

Sender de dokumentet inn på nytt og fastheld kravet om tinglysing utan at de har retta manglane har vist til, vil vi registrere dokumentet mellombels i grunnboka den dagen vi mottek kravet. Vi kan deretter nekte å tinglyse dokumentet. Dette følgjer av reglane i tinglysingslova § 7 og § 9.

www.kartverket.no

Kartverket eiendomsdivisjonen, Besøksadresse: Kartverksveien 21 Hønefoss
Postadresse: Postboks 600 Sentrum, 3507 Hønefoss
Telefon: 32 11 80 00 Telefax: 32 11 88 01 E-post: tinglysing@kartverket.no Organisasjonsnummer: 971 040 238

Praktisk informasjon

Vi sender med dette tilbake alle dokumenta. Dersom de legg ved ein kopi av dette brevet når de sender saka inn på nytt, er det lettare for oss å sikre ein effektiv saksflyt.

Det er mykje nyttig informasjon på nettsidene våre www.tinglysing.no og www.seeiendom.no. Ta også gjerne kontakt med kundesenteret vårt på telefon 32 11 80 00. Kundesenteret er ope alle kvardagar frå klokka 09.00 til 15.00. Saksbehandlar har telefon 32 11 30 61.

Venleg helsing

Ingrid Synnøve Johnsrud
saksbehandlar

Dokumentet vert sendt utan underskrift. Det er godkjent i samsvar med interne rutinar.